



## Notat

Dato: 14.10.2014  
Arkivsak: 2014/13048-8  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Samferdselsutvalet  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Tillegg til sak - transportordninga for funksjonshemma, endring av retningslinjer

**Fylkesrådmannen, 7. oktober 2014:**

**Bakgrunn:**

Sak om Transportordninga for funksjonshemma – endring av retningslinjer, vart lagt fram for Samferdselsutvalet i møte den 20. august 2014.

Utvalet vedtok å utsette saka, slik at den kunne sendast på høyring til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdommens fylkesutval.

Saksframlegget og forslaget til reviderte retningslinjer for transportordninga vart sendt på høyring til råda og desse organisasjonane:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
Ungdommens fylkesutval  
Fylkeseldrerådet  
Norges Handikapforbund Bergen, Sør/Vest  
Samarbeidsforumet av Funksjonshemmedes Organisasjoner (SAFO)  
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon Hordaland (FFO)  
Det kommunale Råd for Funksjonshemma

Høringsfristen vart sett til måndag den 29. september 2014.

Det har kome inn 6 høyringsuttaler til saka.

**Frå høyringsuttalane:**

Saka har vore til handsaming i dei tre fylkeskommunale råda.

1. Saksprotokollen i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne den 10.09.2014 lyder:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne set pris på å få saka lagt føre seg før politisk handsaming i samferdselsutvalet sidan målgruppa til rådet er store brukarar av ordninga.

Rådet vil igjen nytte moglegheita til å rose administrasjonen for godt gjennomført arbeid, og er særskilt nøgd for at det nå er mogleg å få livsvarig godkjenning, samt at det vert lettare for menneske med psykiske lidingar å nytte seg at ordninga.

Når det er sagt har rådet slike innspel til saka:

Det vert i saka presentert ein maksgrænse på brukarar i ein kommune til 3,4% av innbyggjarane. Rådet meiner ordninga bør vere basert på trong, ikkje eit makstak. Dersom det er naudsynt med eit makstak meiner rådet at dette bør vere på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt, da ordninga er fylkeskommunal. I nokre kommunar er det kø for å kome inn i ordninga, mens det i andre kommunar verkar å vere plass, noko som gjerne vert avgjort av demografi og geografi.

Rådet ønskjer derfor å fremje at makstaket vert fjerna, men dersom det er naudsynt med eit makstak ønskjer rådet å fremje at dette gjeld på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt. Når det gjeld satsane i ordninga er ikkje desse endra nemneverdig dei siste åra. Rådet ser på det som naturleg at desse vert auka for å unngå at ordninga i prinsipp vert innskrenka. Rådet ønskjer derfor å fremje at satsane vert indeksregulert.

Rådet er elles veldig nøgd med arbeidet som er gjort og ser fram imot til at endringane trer i kraft.»

2. Saksprotokollen i Ungdommens fylkesutval 17.9.2014 lyder:

«Ungdommens fylkesutval vedtek å stille seg bak rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si uttale i PS 72/14 Transportordninga for funksjonshemma – endring av retningslinjer.»

3. Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland 18.9.14 lyder:

«Fylkeseldrerådet vedtek å støtte uttala til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne frå møtet 10.09.2014, med slikt tillegg:

Fylkeseldrerådet reagerer på at satsane for fritidsreiser ved 67 års alder vert differensiert. Fylkeseldrerådet meiner dette er aldersdiskriminerande og vil foreslå at aldersgrensa fell bort.»

4. Samferdselsavdelinga har den 22. september 2014 motteke høringsuttale frå Norges Handikapforbund avd. Bergen (NHF Bergen).

Dei har fylgjande innspel til høyringa:

«NHF Bergen slutter seg i hovudsak til den tilsendte høringen, spesielt det at personer med varig nedsatt funksjonsevne skal slippe å søke på nytt hvert 4 år men få livsvarig godkjenning.

Kommentarer:

pkt. 7—Brukerkvoter. Det er bra at man nå har spesifisert og skilt mellom manuell og elektrisk rullestol.

Vi reagerer på formuleringen: « For å bli kategorisert som rullestolsbruker i forhold til retningslinjene, meinast at ein må vera avhengig av rullestol når ein ferdast utandørs. Overbygde rullestolar,permobiler eller scootere tildelt av hjelpemiddelsentralen vert ikkje å rekna som elektrisk rullestol! Dette er

*kjøretøy til bruk over lengre avstander. Personer som bruker disse kjøretøya er ikkje avhengig av rullestol for å ferdast utandørs. Dei kan «som oftast ferdast utandørs utan rullestol men er avhengig av denne type rullestol når dei skal ferdast over lengre avstandar.»*

*Definisjonen av permobil over er ikke korrekt. Det er mange av våre brukere som har permobil som en permanent rullestol til inne-/utebruk. Permobil er en rullestolprodusent som har stoler til inne- utendørsbruk, combi samt manuelle. NHF Bergen ber om at permobiler byttes ut med: Kraftig offroad- rullestol til utendørsbruk.*

*Dette for å gi en generell ordlyd, som ikke blir knyttet opp mot en bestemt rullestolprodusent.*

*Videre vil vi gjøre oppmerksom på at når dere skriver "med varige kroniske lidinger som til dømes MS og ALS" så er det mange andre diagnoser og skader som kommer inn under kroniske lidinger. Vi ønsker at ikke skjema, og informasjon kan misstolkes til å kunne forstås som at kun disse to diagnoser går inn under varige lidinger. Livsvarig godkjenning er en svært positiv endring i reglene til TT som vil spare bruker, fastlege, og ikke minst Samferdselsavd for mye byråkratisk saksbehandling. under formål pkt 2-minstealder 9 år —lurer vi på hva som er begrunnelsen???*

*Til slutt vil vi støtte forslag om å regulere TT-kvotene i takt med prisindeksen.*

*Vi går ut fra at informasjonen om de nye retningslinjene vil bli kunngjort i pressen og samtidig sendt organisasjonene som kan videreformidle dette til sine medlemmer.*

*Vi vil til slutt takke for det gode samarbeidet vi har med Samferdselsavdelingen gjennom flere møter og at vi får gehør for våre forslag.»*

#### 5. Funksjonshemmedes fellesorganisasjon avd. Hordaland (FFO) har den 29. september 2014 levert uttale til høyringa.

FFO avd. Hordaland har fylgjande bemerkningar til høyringa:

*«For det første er det i saken fremmet forslag om en maksgrense på 3,4 % av innbyggere, vi mener at ordningen bør være behovsrelatert, og at maksgrensen strykes. Hvis det uansett blir besluttet å følge en maksgrense bør denne i stor grad være basert på fylkesnivå og ikke kommunalt nivå, ettersom transportordningen er fylkeskommunal. I noen kommuner kan det være kø for å komme inn i ordningen, mens det i andre kommuner virker å være på plass, noe som kan skyldes ulikhet i demografi og geografi.*

*FFO Hordaland ønsker at maksgrensen blir fjernet i sin helhet, men hvis det er nødvendig at det baseres på fylkesnivå og ikke kommunalt nivå.*

*Et annet aspekt ved ordningen er reguleringen av satsene. Disse er ikke økt de siste årene. På bakgrunn av dette mener vi at satsene bør indeksreguleres.*

*FFO Hordaland vil avslutningsvis si seg svært fornøyd med at det er nå muligheter for å få livsvarig godkjenning, samt at mennesker med psykiske lidelser får lettere mulighet til å benytte seg av transportordningen.*

*FFOHs anmerkninger er i stor grad i samsvar med Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne sin uttalelse.»*

6. Kommunalt råd for funksjonshemmede (KRFF) har sendt uttale til høyringa. Uttalen er motteke av samferdselsavdelinga den 2. oktober 2014.

Rådet har følgjande kommentarar til høyringa:

*«KRFF er enig om livsvarige ordningar. TT-kvoten bør få en kompensasjon for økningen av transportpriser mellom 2006-2014. TT-kvoten er indeksredusert, men taxi kvoten/prisen er blitt høyere. Dette medfører at kvotene dekker færre turer grunnet dyrere turer. Varig godkjenning: Retningslinjene bør bruke samme ordlyd gjennom hele planen, se punkt 3, avsnitt 2.»*

### Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen registrerar at det har kome innspel til saka frå utvala/organisasjonane, og vil kommentera dei i det følgjande:

NHF Bergen ber om at ordet permobilar vert bytta ut med «Kraftige offroad-rullestol til utandørsbruk» i punkt 7 i retningslinjene, 3. avsnitt. Det nye punkt 7, 3 avsnitt, vert endra til:

«Som elektrisk rullestol i denne samanheng vert ikkje å rekna «overbygde rullestolar», kraftige offroad-rullestolar til utandørsbruk eller scootere.»

NHF Bergen gjer og merksam på at det er mange andre diagnosar enn MS og ALS som kjem inn under omgrepet kroniske og varige lidingar. Fylkesrådmannen vil presisera at desse to sjukdomane var meint som eksempel i saka på kroniske sjukdomar. Det er legenemnda som vurderer kvar enkelt søknad konkret, om vilkåra for å få en livsvarig godkjenning er oppfylt. Dette går fram av retningslinjene punkt 3, 4. avsnitt, der det går fram at: «Personar med konstatert varig funksjonshemming og TT-brukarar med varig godkjenning som er fylt 80 år, får godkjenninga omgjort til livsvarig godkjenning.»

Fleire av høyringsinstansane har gjeve uttrykk for at maksgrensa på 3,4 % av innbyggjartalet må gjelda på fylkesnivå og ikkje på kommunenivå. Denne problemstillinga er lite aktuell. Dei som søker om godkjenning som brukar i TT-ordninga og som oppfyller vilkåra, har så langt fått godkjenning. Når kommunar med stor andel av eldre befolkning har nådd opp i kvotetaket, har ein gitt utvida kvote. Fylkesrådmannen kan difor ikkje sjå at det er naudsynt å endre retningslinjene her.

I høyringane vert det bedt om at satsane for TT-ordninga vert indeksregulert. Satsane for TT-ordninga har ikkje vore endra dei siste åra, og det er eit budsjettspørsmål om dei skal endrast i 2015.

Fylkeseldrerådet reagerer på at satsane for fritidsreiser ved 67 år års alder vert differensiert. Dei meiner dette er aldersdiskriminerande og føreslår at aldersgrense fell bort. Differensieringa av kvotane er gjort ut frå ei vurdering av at aktivitetsnivået for TT-brukarane går ned når ein vert eldre. Fylkesrådmannen finn ikkje grunn for gjera endring på dette punktet.

I retningslinjene punkt 2, 2. avsnitt, går det fram at minstealder for å bli omfatta av ordninga er 9 år. Fylkesrådmannen vil presisera at transportordninga gjeld fritidsreiser, og ein har vurdert det slik at søkjarar under 9 år ikkje har særleg behov for denne type transport. Ved evt behov for drosjetransport, får dei stort sett dekkja dette gjennom reglane om skoleskyss eller NAV sine ordningar.

NHF Bergen skriv i høyringsnotatet at dei går ut ifrå at informasjonen om dei nye retningslinjene vil verte kunngjort i pressa og samstundes sendt organisasjonane slik at dei kan vidareformidle dette til sine medlemmer. Fylkeskommunen vil gjere informasjonen tilgjengeleg på fylkeskommunen sine heimesider og vil syte for at organisasjonane vert varsla.